

Kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland

Fellesråd for eldre og funksjonshemmede

Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Vestland

Bergen, 18.4.2023

Viktig tilbud til eldre syns- og hørselshemma står i fare for å falle bort.

FFO er vorte kjend med omorganiseringa av Syns- og audiopedagogisk tenesta, SAPT.

På den eine sida er vi svært nøgde med at ei velfungerande teneste no vert utvida til også å ta opp i seg kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke, og såleis dra nytte av samanslåinga av dei tidlegare fylka.

Diverre kjem denne omorganiseringa også med ein del malurt: Ei stor og viktig gruppe vert no halden utanfor, og får ikkje tilgang til denne viktige tenesta levert frå SAPT med unnatak av på systemnivå: **Dei over 70 år.**

I saksframstillingar for kommunane som skal slutte seg til dette vert det peika på at STATPED skal ta oppgåvene retta mot brukarane gjennom støtte og opplæring av kommunalt tilsette. Med det presset vi i dag ser på den kommunale omsorgstenesta vil dette berre vere ein ny kvist som kan knekke ryggen på ei teneste som står ovanfor allereie store utfordringar med å handtere mellom anna ei urovekkande eldrebølgje.

Vi har vanskeleg for å sjå at STATPED skal ta på seg denne oppgåva. Dei har i lang tid arbeida med omstilling og endring; dog mest i innvortes samanheng. Å tenke seg at dei skal ta over ein del av oppgåver som i dag er utført av ein regional samanslutning, og operere på sida av denne ovanfor ei avgrensa gruppe menneske er vel ikkje særleg truleg.

Det vert peikt på at å innlemme menneske over 70 år vil føre til auka utgifter for kommunane, og SAPT sitt styre har lite tru på at kommunane vil gå for ei slik utgiftsauke.

Etter FFO sitt syn er dette ein svært lite utviklings retta haldning. Vi meiner at styret her burde vist større vilje til å fremje og delta i kommunane sine viktige oppgåver med å fremje helse, omsorg og tilrettelegging gjennom sin spisskompetanse på dette området. Økonomisk vil det for kommunane føre til ein auke på om lag kr 4 pr innbyggjar gitt eit ekstra behov på 4 stillingar.

Vi ber difor om at dette innspelet frå FFO vert lagt ved som innspel til alle kommunale organ som skal handsame denne saka slik at FFO sitt syn kjem med i den heilheitlege vurderinga av saka

Med helsing

Else-Berit Helle
Leiar
FFO Vestland

Arne Hovland
Leiar
Interessepolitisk utval



Vestre Strømkai 7, 5008 BERGEN. TLF: 944 87 908 e-post: post.vestland@ffo.no

Organisasjonsnummer: 971 349 050. Kontonummer 9521.05.08415

Nettside: <https://www.ffe.no/Fylkeslag/ffe-vestland/> FB: <https://www.facebook.com/ffovestland/>